



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep.  
0032 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Heidi Eie Svendsen, 51568796

Unntatt offentlighet etter offvl. § 5

## Fordeling av skjønnsramma for 2020 - Rogaland

Vi viser til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet av 25. juni 2019 om fylkesvise skjønnsrammer for 2020. Vi er bedne om å gi ei grunnlagt fordeling av skjønnsramma til kommunane og at det må framkomma kor stor del av samla skjønnsramme som ikkje blir fordelt no.

Rogaland fylke er for 2020 tildelt ei skjønnsramme på 63 mill. kroner. Ramma har blitt redusert med 4,6 mill. kroner, om lag 6,8 %, frå det nivå ramma har vært på dei siste åra. 2020-ramma utgjer 132 kroner per innbyggjar. Til samanlikning er 2019-ramma 143 kroner per innbyggjar.

Fylkesmannen har gjennomført fordelinga i tråd med føringar i tildelingsbrev og retningslinjer. Kommunane blir kvart år bedde om å sende innspel på behov og tilhøve som ikkje blir fanga opp i sjølve inntektssystemet. I denne fordelingsrunden fekk vi ein del fleire innspel enn vi pleier å få. Til grunnlag for fordelinga gjer vi analyser basert på data frå SSB/KOSTRA og andre innrapporterte tal frå kommunane, til dømes på særleg ressurskrevjande brukarar. Vi ser på utvikling i innbyggartal og inntekter og bruker våre samla kunnskapar om kommunane som vurderingsgrunnlag.

### Basisfordeling for 2020

Fylkesmannen har i denne runden fordelt skjønnsmidlar til 16 av kommunane i fylket. I vurderingane som ligg til grunn for fordelinga, har vi gjennom fleire år lagt vekt på særleg høge utgifter til ressurskrevjande brukarar, store utfordringar på rus-/psykiatriområdet, behov for legevaktbåt og høge kostnader grunna språkdelling.

(1000 kr)	Ress.kr., høge utg.	Psyk/rus	Skyss helse	Komp. DA	Skjønn elles	Språk- deling	Inno- vasjon	Rest/ krise/ struktur	Sum
<b>2016</b>	7 000	8 000	4 200	17 500	14 900	8 700	5 050	2 250	67 600
<b>2017</b>	9 500	8 000	4 200	16 500	13 400	9 400	6 300	300	67 600
<b>2018</b>	8 000	8 000	4 200	15 050	15 400	9 900	5 850	1 200	67 600
<b>2019</b>	9 600	7 500	4 200	13 300	15 800	9 600	4 220	3 380	67 600
<b>2020</b>	7 400	7 000	4 200	8 100	16 900	8 500	5 000	5 900	63 000



Fordeling per kommune:

Kommunenr	Kommunenavn	Skjønn i hele kroner
1101	Eigersund	3 000
1103	Stavanger	2 800
1106	Haugesund	5 000
1108	Sandnes	-
1111	Sokndal	2 200
1112	Lund	1 300
1114	Bjerkreim	-
1119	Hå	-
1120	Klepp	4 700
1121	Time	-
1122	Gjesdal	2 000
1124	Sola	-
1127	Randaberg	3 000
1130	Strand	3 500
1133	Hjelmeland	1 000
1134	Suldal	-
1135	Sauda	5 000
1144	Kvitsøy	1 400
1145	Bokn	2 000
1146	Tysvær	-
1149	Karmøy	1 500
1151	Utsira	200
1160	Vindafjord	5 000
	Til fordeling gjennom budsjettåret	19 400
	<b>Sum</b>	<b>63 000</b>

### Nedtrapping DA-kompensasjon

Kompensasjon for økt arbeidsgivaravgift har utgjort ein vesentleg del av skjønnsramma for Rogaland. Vi har gjennomført nedtrapping av denne kompensasjonen frå 2015, for kommunane Sauda, Finnøy og Vindafjord. For 2020 blir Sauda og Vindafjord tildelt til saman 8,1 mill. kroner.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021 (tent.)	2022 (tent.)
Sauda	6 616	5 800	5 800	5 500	5 000	4 400	3 300	2 000	0
Finnøy	3 606	3 200	3 200	3 000	2 750	2 400	-	-	0
Vindafjord	9 726	8 500	8 500	8 000	7 300	6 500	4 800	3 000	0
<b>Sum kompensasjonsskjønn DA</b>	<b>19 948</b>	<b>17 500</b>	<b>17 500</b>	<b>16 500</b>	<b>15 050</b>	<b>13 300</b>	<b>8 100</b>	<b>5 000</b>	<b>0</b>
% av opprinnelig		88 %	88 %	83 %	75 %	67 %	41 %	25 %	

Vi forventar å fortsette nedtrappinga endå nokre år, samstundes som vi gjer ei samla vurdering av kommunane sitt behov. Finnøy går inn i nye Stavanger kommune frå 1.1.2020 og vi har ikkje vidareført DA-kompensasjonen til den nye kommunen.



### Sosiale kriterium

Når det gjeld kompensasjon for høge utgifter til ressurskrevjande tenester, har vi med utgangspunkt i ajourførte data gitt midlar til Klepp og Randaberg. Desse kommunane ligg særleg høgt i høve til ein gjennomsnittskommune, ca. 1000 kr meir pr innbyggjar i samla eigendel, og har frie inntekter som ligg under landsnittet. Vi har redusert den samla delen skjønnsstilskot til ressurskrevjande tenester, i tråd med føringar frå departementet.

Fleire av rogalandskommunane melder om utfordringar grunna ressurskrevjande brukarar som *ikkje* er omfatta av toppfinansieringsordninga. For små kommunar, til dømes Bokn, kan nye tiltak krevja relativt stor auke i mengd årsverk i tenesta, og ha stor innverknad på økonomien. For kommunane Strand, Sauda og Haugesund har vi vurdert deira utfordringar på rus-/psykiatriområdet. For Gjesdal, Sokndal, Lund og Kvitsøy har vi vidare vurdert kommunane sine utfordringar innan barnevern.

Samla sett utgjer sosiale kriterium ein vesentleg del av skjønnsramma i Rogaland.

### Legeskyssebåt i Ryfylke

Hjelmeland, Kvitsøy og nye Stavanger kommune får også for 2020 kompensasjon for kostnader til ordning med legevaktbåt. Stavanger får tilsvarande kompensasjon som Rennesøy og Finnøy har fått tidlegare. Dagens avtale med Helse Stavanger HF om felles legevakt- og ambulanserbåt går ut 2020. På sikt kan opning av nytt Ryfast-samband føre til endra trafikkmønster i deler av det geografiske område som dagens avtale dekker.

### Omfang av private skoletilbod

Strand og Eigersund kommunar melder om krevjande konsekvensar av trekk- og kompensasjonsordninga for omfordeling basert på elevar i private skular, og søker kompensasjon for deler av desse. Kommunane sparar mykje mindre enn trekket dei får i denne ordninga. Vi har tatt dette med i ei heilskapleg vurdering av kommunane.

### Fordeling gjennom budsjettåret 2020

Det er sett av 19,4 mill. kroner til fordeling gjennom budsjettåret. Denne restpotten består av midlar sett av til kompensasjon for særskilte utfordringar grunna språkdelling, fornyings- og innovasjonsprosjekt, reserve grunna kommunesamanslåing og ordinær reserve til naturhendingar/kriseskjønns. Dei fem prosent som er sett av til ekstraordinære hendingar gjennom budsjettåret, vil bli tildelt fornyingsprosjekt dersom kommunane ikkje søker kompensasjon for større naturhendingar/utfordringar. Utover den obligatoriske 5 % restskjønns, har vi pt. følgande tentative fordeling av dei tilbakehaldne skjønnsmidlane:

Til fordeling gjennom året	2020	2019
Språkdelling	8 500	9 600
Rest-/kriseskjønns 5%	3 150	3 380
Reserve, samanslåing	2 750	-
Prosjektskjønns	5 000	4 220
<b>Sum</b>	<b>19 400</b>	<b>17 200</b>



### **Den økonomiske situasjonen**

I 2018 hadde 20 av rogalandskommunane betre driftsresultat enn landet. Fire av kommunane hadde negativt netto driftsresultat i 2018 – Eigersund, Lund, Randaberg og Forsand. Sju kommunar har disposisjonsfond under 10 %. Ni kommunar har netto lånegjeld over 80 %. 18 av kommunane har kostnadsnøkkel høgare enn 1. Skatteinngangen for Rogaland samla var 102,8 % av landet i 2018, men 18 av kommunane hadde likevel lågare skattenivå enn snitt for landet. Og om lag halvparten av kommunane kom dårlegare ut enn landssnittet på både skattenivå og kostnadsnøkkel.

15 av dei 26 nåverande rogalandskommunane opplevde nedgang i innbyggjartal frå 2018 til 2019. Det svekkjer kommuneøkonomien at folketilveksten har vore lågare enn landet dei siste åra (men det har vore betre tilvekst enn landet dei to første kvartala i år), noko som gir lågare inntektsvekst utan at utgiftene minkar. Mange kommunar har gjennomført store investeringar som følgje av folkeauken og har hatt veksttilskot som nå har falle bort.

Med helsing

Lone Merethe Solheim  
fylkesmann

Jan Petter Stangeland  
konst. avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*